

*Villreinutval***Høyring - konsesjon for Fetegga pumpestasjon i Tafjordvassdraget i Fjord kommune, Møre og Romsdal fylke; referanse 202106038-9**

Tafjord Kraftproduksjon AS søker om løyve til bygging og drift av Fetegga pumpestasjon, samt regulering av Reindalsvatnet, i Fjord kommune. Det vert og søkt om løyve til bygging og drift av 22 kV kraftline i tilknytning til pumpestasjonen. Det blir samstundes søkt om å regulere Reindalsvatnet med 0,6 m.

Reinheimen Breheimen villreinutval presiserer fyrst at anleggsområdet ligg innafør nasjonalt villreinområde. Vidare blir det vist til kvalitetsnormen for villrein som skildrar tilstanden til villreinen for alle områda i Noreg. Bestandsforhold, lavbeiter, leveområde og menneskeleg påverknad er dei overordna måleparametrene. Av ulike årsaker er Reinheimen Breheimen klassifisert som middels tilstand for dei ulike parametrene. For villreinutvalet er det ei klar målsetting om å leggje til rette og arbeide for å nå god klassifisering. Det eventuelle anleggsområdet i dette tilfellet er ikkje direkte knytt til eit fokusområde i kvalitetsnormen, men er nærliggande RB05 Grotli-Breidalen. Menneskeleg ferdsel er vektlagt for dette fokusområdet og er den største utfordringa for reinen. Bygging og drift av Fetegga pumpestasjon vil i tilfelle blir gjort i eit område som er omkrinsa av etablerte DNT-stiar. Villreinutvalet er derfor særskilte skeptiske til at det skal opnast for ytterlegare uromoment i området. Særleg i område som ikkje er prega av menneskeleg aktivitet der villreinen kan finne ro. For vidare saksgang er det viktig at ein gjer greie for korleis det skisserte tiltaket vil gjeve utslag for ei ny framtidig bestandsvurdering.

Villreinutvalet sluttar seg til vurderingane og opplysningane som kjem fram i høyringsuttala frå villreinnemnda. Dersom NVE vel å gjeve konsesjon må det settast føring om at det ikkje skal vere aktivitet i området frå 1.april-15.juni. Nemnda har forslag om 15.april, men utvalet meiner det er avgjerande at simlene får trekkje til og halde seg i kalvingsområde i god tid før kalving. Utvalet har elles behov for å kommentere grunnlaget i søknaden.

Konsekvensutgreiinga er gjort i 2019. Villreinforvaltning er dynamisk og vesentlege faktorar har endra seg sidan utgreiinga vart gjort. I søknaden står det at området i liten er grad nytta av villrein og ikkje nytta til jakt. Sidan 2022/2023 har ikkje situasjonen vore slik. Teljingar frå helikopter, andre sporfunn og dokumenterte observasjonar viser at området blir mykje brukt etter ei periode med mindre bruk. Både for kalving og beite. For 2026 blir nærliggande område på Skjåksida tildelt eiga fellingskvote i jaksamanheng.

I søknaden er det også omtala at stamma har aner frå tamreindrif, er robust og kan opptre nære folk. Det stemmer at stammen er blanda med tamrein frå drift som tok slutt fyrst i 1960-åra. Åtferda til stammen er stadig i endring, og ein erfarer at stammen blir meir folkesky. Sjølv om stammen er meir robust enn i enkelte andre område, skal ein uansett etterstreve å halde leveområdet mest mogleg intakt utan forstyrrande moment. Særskilt varige.

Konsekvensane for pattedyr er omtala som liten. Villreinutvalet etterspør i så fall meir spesifikk informasjon om avbøtande tiltak for prosjektet, samt omfanget av konsekvensar. Særleg med tanke på anleggsperioden, varig støy og omfang av ettersyn.

For Reinheimen-Breheimen Villreinutval

Kristen Haugen Dagsgard, sekretær